

# STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2019

## VEST-AGDER UNGDOMSLAG

### **Styret:**

Janet Staddeland – leiar

Gunvor Syvertsen – styremedlem

Audar Solberg – styremedlem

Anita Søttrup – 1. varamedlem

Anne-Beate Guldahl – styremedlem

Hillbjørg Tveit – nestleiar

Cesare Sciardi – 2. varamedlem

### **Administrasjon:**

Borghild Løver: Skrivaroppdrag mm. Tor Steinar Fromreide: Kasseraroppdrag.

Kontorstad: Vigelandstua, kontor/møtelokale leigd hjå Lindesnes Ungdomslag

### **Medlemstal:**

| 31. desember | Totalt | Under 26 år | Over 26 år |
|--------------|--------|-------------|------------|
| 2019         | 1.116  | 358         | 758        |
| 2018         | 997    | 296         | 701        |
| 2017         | 965    | 296         | 669        |
| 2016         | 992    | 295         | 697        |
| 2015         | 933    | 295         | 632        |
| 2014         | 914    | 302         | 612        |
| 2013         | 867    | 276         | 591        |
| 2012         | 835    | 247         | 588        |
| 2011         | 844    | 242         | 602        |
| 2010         | 1040   | 321         | 719        |
| 2009         | 1133   | 376         | 757        |
| 2008         | 1027   | 306         | 721        |
| 2007         | 995    | 293         | 702        |
| 2006         | 1043   | 319         | 724        |
| 2005         | 1057   | 287         | 770        |
| 2004         | 900    | 176         | 724        |
| 2003         | 821    |             |            |

Tala er henta frå [www.webmedlem.no](http://www.webmedlem.no) og [hypersys](http://hypersys). Omlegginga til nytt medlemssystem i 2011 (hypersys) gjorde medlemstala noko lågare frå det året.

### **Møte:**

Styret har hatt 8 styremøte (inkludert eit kort styremøte like i etterkant av årsmøtet). Eitt møte var på Laudal ungdomshus, eitt på Frikstad grendehus i Iveland, eitt på Mållagsbygget i Kristiansand og resten på Vigelandstua. Det siste møtereferatet enda med det 71. punktet på saklista.

### **Årsmøtet:**

Tysdag 26. mars 2019 var det årsmøte på Ivelandsstua hjå Iveland UL. Dei sytte for framifrå lapskaus med flatbrød. 29 utsendingar frå 14 lokallag og styret pluss skrivaren og kasseraren møtte fram, totalt 34 personar. Ein var utan røyserett: Skrivaren (Borghild Løver). Blant dei røyseføre var fondstyret, Agder folkemusikk- og folkedansnemnd og valnemnda representert.

**Heidersmedlemer:** Våre to heidersmedlemer er Brit Versland og Olav Molland.

**Tal lag:** VAUL har 23 aktive lag jfr. Hypersys. Bjelland UL stod opp att som fugl Fønix siste halvår 2019. Dei hadde innviingsfest på ungdomshuset Fjelltun nøyaktig 100 år etter kranselaget!

## Gjennomføring av arbeidsprogram 2019

### Organisasjon og ymse; styret sitt arbeidsområde

#### **1. Tilby utdanning og kurs til (fylkes)tillitsvalde (i samarbeid med nemndene)**

##### **Gjennomført:**

- **Storkurset på Fritidsparken hotell i Skien, Telemark 1. -3. feb.:** Janet Staddeland, Hillbjørg Tveit, Anne Beate Guldal, Gunvor Syvertsen, Toralf Skoland, Svein Jepsen, Arild Syvertsen, Audar Solberg, Linn Therese Solberg og Terje Haaland.

#### **2. Vere representert på landsrådsmøte, landsmøte, fagseminar, storkurs og andre viktige samlinger (i samarbeid med nemndene)**

##### **Gjennomført:**

- **Frukostmøte med Telemark, Rogaland og Aust-Agder UL søndag 3. feb. i Skien:** Hillbjørg Tveit, Gunvor Syvertsen, Janet Staddeland og Borghild Løver møtte.
- **Årsmøte i VABUR 20. mars:** Ingen møtte her.
- **Fest i høve utdeling av Kongens fortjenestemedalje til Dag Vårdal:** Liv Arvidsson og Brit Versland.
- **Landsmøte i Noregs Ungdomslag i Oslo 26.-28. april:** Anita Søttrup, Kaja Honnemyr og Borghild Løver
- **Årsmøte i Studieforbundet Kultur og tradisjon 13. april:** Kari Mysen
- **Årsmøte i VOFO Agder 25. april:** Tor Steinar Fromreide
- **Landsfestivalen i gamaldans i Kinsarvik 7.-11. aug.:** AFF v/Gunvor Syvertsen, Toralf Skoland og Svein Jepsen
- **Landsrådsmøte i Oslo 19.-20. okt.:** Ingen reiste på dette.
- **Omframtr årsmøte i Studieforbundet kultur og tradisjon Vest-Agder og Aust-Agder:** Kari Mysen og Tor Steinar Fromreide.

##### **Ikkje gjennomført:**

**Årsmøte i L/L Det Norske Teatret i Oslo i april:** Ingen reiste frå VAUL på dette.

#### **3. Sponse til saman 4 personar frå lokallaga på regionale/sentrale kurs (til dømes fagseminar)/utdanningstilbod - med høgst prioritering for dei under 26 år (styret/lokallaga)**

**Gjennomført:** VAUL skipa til hallingkurs for ungdom 4. mai på Vigelandstua.

#### **4. Støtte lag som sender ungar på barnleik det året dette vert tilskipa (kvart fjerde år)**

**Ikkje aktuelt:** Det var ikkje barnleik i år.

#### **5. Støtte ungdom som vil reise på NU sin sommarleir/folkekulturfestivalen (i samarbeid med lokallaga): Gjennomført:**

Andine og Bertine Løvdal, Kari Breland, Elin og Lara Hulsbeek, Linn Therese Solberg, Chanel Solberg, Azizi Azizullah, Amalie Bjørnstad Sele og Iris Pronk.

#### **6. Støtte lag økonomisk som sender folk på storkurs**

**Gjennomført:** 6 stipend à 1000 kr gjekk til laga med dei yngste deltakarane.

#### **7. Støtte lag økonomisk i høve aksjon lokallag og i høve aktivitetstilskot**

**Gjennomført desse løyvingane:**

Våren -19: Iveland UL 3.000 kr, BUL-Kr.sand 3.000 kr, Lista UL 1.500 og Kvås UL 1.500 kr

---

Hausten -19: Marnardal UL 3.000 kr, Søgne UL 3.000 og Grindheim UL 3.000 kr

### **Aksjon lokallag:**

I 2013 fekk Marnardal UL 15.000 kr i 3 år, og Framsteg UL 10.000 kr.

I 2014 fekk Holum UL 15.000 kr i 3 år og Lista UL 10.000 kr.

I 2015 fekk Lista UL 15.000 kr i 3 år og Kvina UL 10.000 kr.

I 2016 fekk Greipstad UL 15.000 kr i 3 år og Søgne UL 10.000 kr.

I 2017 fekk Marnardal UL 15.000 kr i 3 år og Kvina UL 10.000 kr.

I 2018 fekk Kvås UL 15.000 kr i 3 år og Hægeland UL 10.000 kr.

I 2019 fekk Halse UL 15.000 kr i 3 år og Åseral UL 10.000 kr. Styret har vore på synfaring hjå laga med løyving for tre år.

### **8. Støtte lag økonomisk som ynskjer å skipe til barnestemne**

**Ikkje aktuelt:** Det var ikkje barnestemne i 2019, men VAUL sponsa ungdom som ville reise på sommarleir.

### **9. Gje målretta organisasjonskurs til lokallag – der heile styret er deltakande**

**Gjennomført:** Styret i Iveland UL fekk tilrettelagt organisasjonskurs på Iveland 13. juni og 27. november.

### **10. Hjelpe laga som treng det med HMS-arbeid og folkedanskurs (reiseinstruktør)**

**Gjennomført:** Deling av erfaringar med lagshusutleige til ungdomsfestar og gjeve tilbod om folkedanskurs med 1000 i eigenandel – som stort sett vert dekt av studieforbundet ved søknad.

### **11. Halde ved like fylkessamarbeid når det gjeld tilskipping av barnestemne:**

**Ikkje aktuelt:** Det er for lite grunnlag for tradisjonelt barnestemne.

### **12. Gje ut 2 utgåver av Unge Agder (i samarbeid med redaksjonsnemnda)**

**Ikkje gjennomført:** Den Unge Agder som kom ut sist, kom ut i jan. 2019, men vart bokført i -18.

### **13. Skipe til eitt samrådsmøte/temamøte viss behov for det**

Ikkje behov for dette i 2019.

### **14. Halde kontakt med lokallaga, mellom anna ved telefonkontakt og post/e-post, møte ++**

**Gjennomført:**

- Telefonkontakt av styret/skrivar
- Utsending av post og e-post
- Møte og synfaring med Halse UL
- Delta på dei jubilea og tilskippingane i lokallaga som fylkeslaget vert innbeden til:  
Borghild Løver og Johnny Hofsten deltok på Øvrebø UL sitt 125-årsjubileum på Heimklang 9. november.  
Borghild Løver deltok på 100-årsjubileet for Fjelltun, ungdomshuset til Bjelland UL 27. desember.

### **15. Skipe til fylkesfinalen i Kven Veit (i samarb. med fjorårets vinnarlag, UL Fram)**

**Gjennomført:** Kven Veit fylkesfinale vart skipa til på heradshuset Brandsvoll hjå UL Fram i Finsland søndag 7. april, med 4 påmelde tevlingslag: Marnardal UL tok fyrsteplassen og 1. napp i pokalen, og Lindesnes UL var hakk i hæl på andre plass. Ei velfortent bronsemedalje var det Holum UL som stakk av med. Spørsmåla var laga av Harald Samuelsen, og dei var nett passe i vanskegrad.

---

## **16. Tilby bunadinformasjon til lokallaga**

**Gjennomført:** Bunadkontakt er Dag Olav Hagen.

## **17. Kontradanssamlingar/kurs (ansvar Liv Arvidsson, Arne Tønnesen og Osmund V. Eikeland)**

**Gjennomført:**

Det har vore 8 sundagsøvingar, der to var på Ljosheim og seks i BUL-salen i Kristiansand, alle under leing av instruktørane Liv Arvidsson, Arne Tønnesen og Osmund V. Eikeland. 12 par har møtt fram. Gruppa har vore sjølvstendig og ikkje direkte organisert av andre enn initiativtakarane/instruktørane, men no kan det sjå ut til at gruppa er såpass godt forankra i Kristiansand (dei fleste dansarane er derifrå) at ho bør bli knytt til lokallaget der.

## **18. Ball under Nordsjøfestivalen**

**Ikkje gjennomført**

## **19. Utarbeide liste over instruktørar og spelemenn rundt om i fylket**

**Delvis gjennomført:** Nokre namn er hamna på lista, men me treng fleire.

## **20. Premie på 1000 kr til kvart lokallag som registrerer e-post og/eller mobilnummer på kvar medlem som er vaksen/ungdom.**

**Delvis gjennomført:** Oppmoding til laga har gått ut.

## **21. Bruke fleire kanalar og måtar til PR og blest, t.d. fjesboka, film, heimesida mm.**

**Gjennomført:** Fjesboka vert oppdatert fleire gonger i veka. Heimesida er no klår.

## **22. Utarbeide folkedansopplegg for SFO/1. Klasse til bruk i Den kulturelle skolesekken**

**Delvis gjennomført:** Olaf Moen, Anne-Beate Guldal og Borghild Løver har hatt eitt planleggingsmøte,

## **23. Medlemsverving og rekruttering for framtida og plan/tiltak for å gjere ungdomslaget meir synleg**

**Gjennomført:** Iveland UL er eit krondøme på koss det går an å få mange medlemmer på kort tid.

## **Teater; styret sitt arbeidsområde**

### **1. Støtte lag økonomisk som sender folk på kurs og amatørteaterfestivalen (i samarbeid med lokallaga)**

**Ikkje aktuelt:** Ingen lag i VAUL deltok på amatørteaterfestivalen.

### **2. Vere til stades på premierar i lokallaga (styret/lokallaga)**

**Gjennomført:** Vest-Agder UL var til stades på revypremieren til Lindesnes UL 19. oktober og Marnardal UL 8. november.

### **3. Informere om støtteordningar og NU sitt teatertilbod**

**Gjennomført:** Vidaresendt info og post. To lag har søkt støtte til si teaterverksemd og fått 5.000 kr kvar i støtte: Marnardal UL og Lindesnes UL.

## **Anna arbeid:**

### **Samkøyre lovene til VAUL med NU-lovene**

Styret sette ned ei nemnd på tre personar (Søren Seland, Olav Molland og Borghild Løver), som laga framlegg på nye lover – som vart vedtekne på årsmøtet 26. mars.

**Langeleikane til VAUL:** Desse er lagra på Vigelandstua, bortsett frå ein, som Olaf Moen låner.

**Felene til VAUL:** Ei fele vert oppbevarte på Vig.stua, ei fele er utlånt til Øyvor Guldal.

**Bondeheimenfondet:** Ingen har søkt om lån i 2019.

**Gratis utlån:** VAUL har ein sminkekoffert og høgtalar med mikrofon til gratis utlån for lokallaga. For tida er sminkekofferten hjå Kvås UL.

**Studieforbundet kultur og tradisjon Vest-Agder:** Kari Mysen er leiar og Tor Steinar Fromreide styremedlem.

**Vest-Agder Musikkråd:** Paul Sveinall representerer VAUL her.

**Årsmeldingslotteri:** 2000 kr i gevinst til heldige Framsteg UL og Greipstad UL, som vert uttrekt blant 14 lag under årsmøtet. Normalt må laga ha tinga under i orden, men grunna problem med hypersys sentralt, såg me bort frå dette:

- Hadde oppretta ny kontingent med medlemsliste for inneverande år (2019)
- Hadde registrert nytt styre i 2019
- Var til stades på årsmøtet til VAUL med minst ein representant

**Styret i Vest-Agder Ungdomslag**